

**Arbeidsutvalet - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland**

**Møte:** 5-2021  
**Tid:** Onsdag 17. februar kl. 09.00 – 10.30  
**Stad:** Teamsmøte

**Til stades:**

<b>Arbeidsgruppa:</b>	Kristin Nåmdal (Alver), Asbjørn Toft (Austrheim), Jan Torry Sande (Fedje), Ingvild Høydal (Gulen), Sveinung Toft (Masfjorden), Pelle Engesæter (Osterøy), John Hoshovde (Vaksdal)
<b>Andre:</b>	Hans Kristian Dolmen (HK), Bent Gunnar Næss (BG),
<b>Referent</b>	Bent Gunnar Næss
<b>Forfall</b>	Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen), Terje Villanger

<b>Sak 08/21</b>	<p><b>Godkjenning – saksliste og innkalling</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Det var ingen merknad til saksliste og innkalling.</p>
<b>Sak 09/21</b>	<p><b>Referat – forrige møte</b></p> <p>Referatet var sendt ut tidlegare for kommentarar.</p> <p><b>Vedtak:</b> Referatet vart godkjent.</p>
<b>Sak 10/21</b>	<p><b>Planprogrammet og prosess vidare</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kort gjennomgang frå kvar kommune om status på innspelsrunda – generelt gode tilbakemeldingar på utkastet til planprogram</li> <li>• Utkast til planprogrammet vart gjennomgått i møte</li> </ul> <p>Planprogrammet skal handsamast av IKPU i møte 26.02.2021. Planen er at IKPU gjer vedtak om å sende det på høyring.</p> <p>Var samde om at høyringsrunden med planprogrammet samstundes vert nytta til å få innspel til arealbruken. Slik at det vert to hovudtema:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Innspel til sjølve planprogrammet</li> <li>• Innspel til bruken av sjøarealet i regionen</li> </ul> <p>Det vart diskutert korleis dette må organiserast og fordelinga av ansvar på regionalt og kommunalt nivå.</p> <p>Regionalt nivå tar ansvar for det som går på tvers av kommunegrensene og høyring med regionale aktørar – både organisasjonar, næringsliv og offentlege organ.</p> <p>Kommunale møte og høyringar tar kommunane ansvaret for. Kommunane kan invitere regionalt nivå for å delta i møte.</p> <p>Kommunane vidaresender høyringsbrevet med planprogram til lokale aktørar. Høyringsinspela vert sendt inn til regionalt nivå for registrering slik at ein får ein samla oversikt.</p>

	<p>Oppgåver og fordeling – ansvar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Regionalt nivå <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Lagar til høyringsbrev osv</li> <li>○ Sender ut til alle på regionalt nivå – <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kommunane som er med</li> <li>▪ Nabokommunane</li> <li>▪ Regionale styresmakter</li> <li>▪ Regionale organisasjonar</li> </ul> </li> <li>○ Høyringsmøte – regionalt nivå – inviterer</li> </ul> </li> <li>• Kommunalt nivå <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Vidaresender det til lokale lag og organisasjonar i eigen kommune</li> <li>○ Arrangerer lokale høyringsmøte</li> </ul> </li> </ul> <p>Alle innspel vert sendt direkte inn til regionalt nivå.</p>
<b>Sak 11/21</b>	<p><b>Neste møte – vidare arbeid</b></p> <p>Interkommunale planutvalet (IKPU) skal ha møte fredag 26. februar. Målet er da at dei vedtek planprogrammet og sender det ut på offisiell høyring.</p> <p><b>IKPU</b> – får det tilsendt fredag 19. februar.</p> <p>Arbeidsutvalet vert også med i møte 26. februar.</p> <p>Det må også jobbast med innsending av søknad om skjønnsmidlar.</p>
	<p>Knarvik, 17. februar 2021</p>